

Utvalg:	Innovasjonsutvalget	Dato: 21.05.2025
IU-sak: 13/25		Arkivsaknr.:

Nettverk for innovasjonsundervisning ved Universitetet i Bergen

Bakgrunn

Saka skal gi innovasjonsutvalet ei orientering om status for et uformelt nettverk for undervisarar i innovasjonsemne ved UiB, samt arbeidet med å utvikle eit DIGI-emne som handlar om innovasjon, samt knytte dette til søknaden om ein KIC.

Nettverk for innovasjonsundervisning

Undervisning i innovasjon ved Universitetet i Bergen (UiB) er spreidd på fleire fakultet, med liten grad av samordning mellom fagmiljøa. UiB har ikkje eitt særskild program som trekk til seg studentar frå alle fagområde.

Det er difor tatt initiativ til å etablere eit nettverk som samlar undervisarar i innovasjon frå ulike fakultet. Nettverket er kome i gang på initiativ frå undervisarane sjølv. Slik kan det blir meir samarbeid og koordinering av undervisning. Nettverket kan bli ein plattform for erfaringsutveksling, samarbeid om undervisning og metodar, og utvikling av nye undervisningsressursar.

Nettverket har allereie resultert i eit innovasjonskurs for ph.d.-ar finansiert av INITIATE, som del av ein Marie Skłodowska-Curie Action.

DIGI-emne

Det er òg sett i gang eit arbeid for å opprette undervisning i innovasjon som eit DIGI-emne. Desse er normalt på 2,5 vektal, og er retta inn mot å auke digital forståing og kunnskap, både blant UiB-studentar og andre. DIGI-emna er kjende for å levere høgkvalitets undervisning innan digitalisering og teknologi.

Lars Nyre er interessert i å opprette eit pilotemne innan teknologisk innovasjon, som passar godt saman med undervisningsopplegget som blei utvikla under TekLab-prosjektet ved institutt for informasjons- og medievitskap ved UiB.

Eit eller fleire innovasjonskurs i DIGI-emnepakken kan vidareutviklast til ein eigen portefølje av innovasjonsundervisning, som kan organiserast tverrfagleg, eller tilpassa kvart fakultet. Ei slik vidareutvikling må skje i samarbeid med dei involverte institutta og utdanningsutvalet.

Forsknings- og innovasjonsavdelinga vil òg prøve å søkje finansiering frå Agenda Vestlandet for å kunne utvikle fleire innovasjonsemne.

Viktig for KIC-søknaden

Innovasjonsundervisning vil bli særleg viktig for UiBs søknad om å bli ein del av eit EIT Knowledge and Innovation Community (KIC), finansiert av EU.

Innovasjon er ein sentral del av ein KIC, der innovasjonsundervisning, forskning og entreprenørskap er del av det sentrale kunnskapstriangelet. Ved å byggje opp studentars og tilsette sin kompetanse innan innovasjon og entreprenørskap, skal KIC skape berekraftig økonomisk vekst og konkurranseevne i Europa.

Ein eventuell KIC skal ha oppstart i 2026, og porteføljen i innovasjonsundervisning må vere klar frå byrjinga av perioden.

Oppsummering

Innovasjonsundervisninga ved UiB er i stadig utvikling, og å dele erfaringar i eit nettverk av undervisarar vil bidra til å styrke universitetet si rolle som ein leiande aktør innan forskningsbasert innovasjon og utdanning. Saka leggjast fram for innovasjonsutvalet til orientering.